



Arkivnr: 2015/580-11

Saksbehandlar: Rolf Rosenlund

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saksnr.	Møtedato
Fylkesutvalet		23.08.16

Løyving av ekstra tilskot til ferjesambandet Hufthamar-Krokeide**Samandrag**

Når ferje 2 vart etablert på sambandet Hufthamar-Krokeide vart det inngått avtale om at Austevoll kommune/næringslivet i Austevoll skulle dekka 4,0 mill kr av det auka tilskotet. I 2015 betalte ikkje næringslivet si del av tilskotet og fylkesutvalet vedtok å etterge kravet på 2,0 mill kr. Næringslivet har heller ikkje betalt sin del av tilskotet i 2016, og fylkesordførar/fylkesvaraordførar har etter møte med ordførar/varaordførar i Austevoll kommune gjeve muntleg tiltsagn om å etterge 25% av det avtala tilskotet frå Austevoll kommune/næringslivet i 2016 og 2017. Fylkesrådmannen rår til at budsjett til Skyss for 2016 vert auka med 1,075 mil kr som følgje av bortfall av inntekter, og at dette vert dekka frå rádveldeposten til fylkesutvalet.

Forslag til vedtak

1. Fylkesutvalet godkjenner at budsjettet for 2016 vert endra slik:

Stad	Art	Tekst	Meirutg/mindreinnt	Mindreutg/meirinnt
10.310.210.00	13700	Fylkesvegferjer	1.075.000	
10.720.200.00	14900	Rådveldekontoen		1.075.000

2. Fylkesutvalet legg til grunn at samferdselsbudsjettet for 2017 vert styrka med ein tilsvarende sum.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Fylkesrådmannen, 23.06.2016**Bakgrunn for saka**

I 2011 vart det inngått avtale mellom Fosen-Namsos Sjø AS (FNS) og Hordaland fylkeskommune v/Skyss om å setja inn ei ferje 2 i sambandet Hufthamar-Krokeide. Bakgrunnen for dette var at Austevoll kommune hadde eit sterkt ynskje om at kapasiteten og frekvensen på sambandet måtte aukast. Kommunen sa seg villig til å vera med å finansiera ein slik kapasitetsauke i samarbeid med næringslivet i kommunen gjennom eit årleg tilskot på 4,0 mill kr i heile avtaleperioden og i eventuelle opsjonsår. Avtalen var at kommunen og næringslivet skulle dekka 2,0 mill kr kvar, og at kommunen skulle stå for innkrevjing av næringslivet og innbetaling til fylkeskommunen. Den årlege totale tilskotsauken i sambandet for å setja inn ferje 2 var på 14,7 mill kr (2010 kr).

I 2015 fekk ikkje Austevoll kommune inn midlar frå næringslivet, og kommunen søkte difor om å få sleppa å betala næringslivet sin andel av det avtala tilskotet. På møte den 27. august 2015 sak 204/2015 fatta fylkesutvalet vedtak om å ettergje 2,0 mill kr av det avtala tilskotet frå Austevoll kommune/næringslivet for 2015. I sak 300/2015 vart løyvinga godkjent.

Heller ikkje i 2016 har Austevoll kommune fått inn midlar frå næringslivet til drift av ferje 2 i sambandet. I eit møte mellom fylkesordførar/fylkesvaraordførar og ordførarar/varaordførar Austevoll kommune, vart denne problemstillinga lagt fram. Austevoll kommune ba om forståing for at dette hadde skapt ein vanskeleg økonomisk situasjon for kommunen. Kommunen ba om at fylkeskommunen ettergav deler av næringslivet sin del av tilskotet for 2016 og 2017. Inneverande anbodsperiode varer til og med 2017. I møte vart partane samde om at Austevoll kommune betalar 75% av det samla tilskotet for 2016 og 2017, og at fylkeskommunen ettergjev 25% av tilskotet. For 2016 utgjer dette kr 1.075.000.

Fylkesrådmannen rår til at det reduserte tilskotet til Skyss vert dekka av fylkesutvalet sin rådveldekonto.